



Odd Bjørnar Gaustad
Nordre Austmarka 73
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5973 - 21/70193

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.10.2021

Løyve til flytting av avkøyrse - gbnr 477/12 Solheim vestre

Administrativt vedtak: Saknr: 1124/21
Tiltakshavar: Odd Bjørnar Gaustad
Ansvarleg søkjar: Odd Bjørnar Gaustad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter veglova.

VEDTAK

Alver kommune gjev løyve til å etablere felles ny avkøyrse til gbnr 477/12 og gbnr 477/11 på Solheim vestre frå kommunal veg 6009 med heimel i veglova §§ 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkøyrse skal opparbeidast i samsvar med situasjonsplan datert 17.09.21 mottatt 21.10.21.
- Avkøyrse skal opparbeidast slik at den innvilgar tekniske krav til avkøyrse fastsett av vegdirektoratet i Veglova §§ 40-43, forskrift om "alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrser frå offentleg veg", samt Vegnormal N100. Det er blant annet satt krav til geometrisk utforming av avkøyrse, sikt, svingradius, drenering under avkøyrse og at en skal kunne snu på egen grunn.
- Det sette krav om at eksisterende avkøyrse på Gbnr 477/12 blir stengt. Kommunal grøft skal tilbakeføres. Grøft skal ha en bredde på minimum 1,0 meter. Utformingen skal være slik at området/grøftearealet ikke innbyr til parkering (fall fra kant på kommunal veg).

- Det må tas hensyn til VA-ledninger som ligger langs kanten på kommunal veg ved flytting av avkjørselen.

Saksutgreiing:

Tiltaket

Saka gjeldt søknad om løyve til etablering av ny felles avkjørsel frå kommunal veg for to bustadeigedommar på gbnr477/11 og 477/12. Det er vurdert at eksisterande farleg avkjørsel på gbnr 477/12 skal stengjast og ny avkjørsel felles med gbnr 477/11 frå kommunal veg KV6009 skal etablerast etter veglova.

Planstatus

Tiltaket ligg i regulert område, som er regulert til bustad og vegføremål i reguleringsplanen for Austmarka, del 3.

Uttale frå fagmynde

Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga har gitt uttale i saka 21/7692 den 13.09.21 og i e-post av 21.10.21.

Privatrettslege tilhøve

Eigar av gbnr 477/11 har samtykket til etablering av felles avkjørsel på gbnr 477/11 og 477/12 i skriftleg avtale mottatt 21.10.21.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune vil gje løyve til etablering av ny avkjørsle knytte gbnr 477/12 på vilkår at eksisterande avkjørsle på gbnr 477/12 skal stengjast.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/5973

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Odd Bjørnar Gaustad

Nordre
Austmarka 73

5938

SÆBØVÅGEN